



Nytt frå Firda vgs, november 23

Hei igjen, her kjem nytt månadsbrev frå skulen.

Det skjer mykje på skulen i løpet av eit år. Eit av høgdepunkta er haustfesten. Det er vg2 elevar og lærarar som inviterer til fest. Fredag 17.11 var kultursalen fylt opp med gjester, og på scena var det spente ungdommar som kanskje stod på ei scene for fyrste gong. Det vart ein strålande kveld med godt program, god mat og flott konsert og dans i aulaen. Veldig kjekt at så mange hadde funne vegen til Firda denne kvelden. Til saman var vi ca 400 personar. Takk til gjengen i vg2 for ein flott kveld og godt gjennomført arrangement.

Det skjer ein god del i dei komande vekene òg:

Onsdag 29. november – Verda og vi

Verda og vi er eit arrangement med lang tradisjon her i Gloppen. 29. november kjem Jon Fitje Hoffmann til Sandane. Tema er terror og etterretning. Vi legg undervisninga til elevane i dei tre studiespesialisierende klassene til «Verda og vi» denne kvelden.

Fredag 1. desember - Adventskonsert med musikklinja

Musikklinja har sin tradisjonsrike adventskonsert i **Vereide Kyrkje fredag 1. desember kl 19.**

Av program kan vi nemne musikklinjekoret, ulike solo og ensembleinnslag, framført av elevane i dei ulike klassane. Adventskonserten er òg blitt ein flott tradisjon ved Firda. Ofte har kyrkja vore heilt full av publikum. Ekstra stas å ha julekonserten når publikum er på plass. Det vert førehandssal på trivselshagen.no. Du kan òg kjøpe billett ved inngong. Born går gratis. Hjarteleg velkomen til konsert i Vereide kyrkje.

Måndag 18. desember

Kunstig intelligens er blitt eit stort tema i samfunnet og i skulen. Dette er eit område som er nytt og ukjent for både tilsette og elevar. Denne dagen set vi av tid til å jobbe med feltet i lag. Tema er korleis kan vi bruke kunstig intelligens på ein aktiv måte i læringsarbeidet

Onsdag 20. desember – Jule/nyttårsball

Årets elevråd har teke initiativ til å arrangere jule/nyttårsball rett før jul. Dette er eit flott initiativ frå elevrådet. Vi trur juleballet kan bli eit fint tiltak som kan bidra til at elevar blir endå betre kjende på tvers av klasser og årstrinn.

Torsdag 21. desember – siste skuledag før jul

Siste skuledag før jul vert avslutta med felles samling i kultursalen. Her vert det tale, song, musikkinnslag og anna program.

Nemner òg dei faste hendingane gjennom veka:

Gratis frukost - Frukosten er klar kl 07.50 og står framme til ca kl 08.25.

Open skule - Måndag, tysdag og onsdag er det aktivitetar på open skule, ope frå 17-21

Studiekafé - Tysdag er det studiekafé frå kl 17-19.

Open skule klatring - Måndag kl 19-21 er det open skule klatring. Gratis brattkort kurs startar denne veka

Salsa kurs - Tysdag frå kl 19-20 er det kurs i salsa for elevar og tilsette i gamle black box.

Treningssenter - Alle elevar har gratis tilgang til treningssenteret i heile opningstida.

Vi vil elles anbefale å følgje med på årsplanen og på heimesida vår. I tillegg har skulen eigen podcast «Firdapodden». Firdapodden finn de på spotify eller link frå skulen si heimeside. Her er det mange spennande intervju som kan vere kjekt å få med seg.

Ha ei fin førjulstid

Helsing

Hallgeir Hansen
rektor